

I vekene 3-24 i 2019 vil det bli tømt septiktankar i Sveio kommune .

Tøminga gjeld heilårshus, hytter og naust.

Svein Klungtveit AS gjer jobben på oppdrag frå Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS (SIM).

SIM ber om at du som kunde legg til rette for at slamtøminga kan føregå på best mogeleg vis.

Framdriftsplan og køyrerute (atterhald om problem m/snø og glatte vegar) er vist nedanfor:

VEKE	KØYRERUTE – (hovudveg med sidevegar)
3 - 5	Frå E 39 kryss til Liereid - Straumøy - Liereid – E 39 - Håvardsholm
5 - 6	Frå E 39 kryss Håvardsholm - Førde - Vegkryss E 39 til Rød
6 - 9	E 39 kryss Rød - Auklandshamn - Tjernagel - Buavåg
9 - 10	Buavåg - Eltravåg - vegar på vestsida av RV 541 - Vikse - RV 47 Haugesund grense
10 - 12	RV 47 Haugesund grense til og med Sveio Sentrum
12 - 14	Sveio sentrum - arm til Mølstre - arm til Eltravåg - Nordskog – Bua
14 - 17	RV 47 v/kryss Sveio Sentrum – RV 47 - Langs E 39 til Fjon, Tysvær grense - Haugesund grense inkl. arm langs Vigdarvatnet - E39 til Rød
17 - 21	E 39 kryss v/Fjon - Kvalvåg m/arm til E 39 - Våga m/ arm til E 39 - Erve - Førde
21 - 24	E 39 v/Kryss Liereid - Valestrand - Valevåg - Tittelsnes – Bjørgjo

I samband med tøming vert slamavskiljaren (tanken) kontrollert for tekniske manglar/feil. Det vert og sett etter synlege forureiningsproblem med utslepp/sandfiltergrøfter mv.

Er det merknader frå slamtømar om feil som må rettast opp - vil det bli sendt ut brev med frist om dette til eigar av eigedomen.

Alle får varsel på SMS eller brev i posten før tøming.

Der er eiga rute for tankar som lyt tømast med traktor.

Spørsmål i tømeprosedyren:

I prosedyren då det er slamtøming skal alle spørsmål rettast direkte til Svein Klungtveit AS:

- Hovudkontor: Tlf. 52 79 29 70
- Vakttelefon: Tlf. 982 35 151 (kan brukast heile året)
- E-post: post@klungtveit.com

Utanom tømeprosedyren

Utanom tømeprosedyren skal spørsmål rettast til SIM

Ekstratøming utanom ordinær rute

Dersom du treng ekstratøming, utanom den oppsette ruta, kan det tingast hjå SIM. Ekstratøminga vert fakturert for seg.